



TRIVSELSREGLAR VED IMSLAND SKULE:

(Lokal tilpassing til det kommunale ordensreglementet)

«Trivsel gir næring til læring»

er slagordet til skulen vår. Trivsel og tryggleik er omgrep som er nært knytte saman. Og for at alle skal ha ein god skulekvardag og få utvikla sine evner og moglegheiter, er det viktig å ha nokre felles reglar å gå ut frå. For som elev på Imsland skule har du mange rettar, men du har og ansvar for dei andre i skulemiljøet.

Du har blant anna rett på:

- at alle er høflege med deg
- at yttertøyet, ranselen, elevarbeidet og dei andre sakene dine får vera i fred.
- at det er orden og ro i timane
- å føreslå endringar på trivselsreglane gjennom rådsorgana
- å ha mobil med deg om du går i 5.-7.klasse, men den må liggja avskrudd/lydlaus i sekken i skuletida om ikkje anna blir gitt melding om. Gjeld òg elevar som går i SFO.

Du har blant anna sjølv ansvar for:

- å vera høfleg mot alle
- å bidra til at alle får vera med
- å gi melding til lærar/rektor viss medelevar blir plaga/mobba
- å vera med på å ta vare på skulen sin eigendom
- å erstatta ting dersom du øydelegg dei med vilje eller slurvar dei bort
- å halda deg innanfor skulen sitt område i skuletida
- å møte presis til timane
- å halda orden i skulesakene og gjera lekse ferdig til rett tid.
- å gå roleg i gongane
- å oppføre deg på ein slik måte at du ikkje er til fare korkje for deg sjølv eller andre

Nokre ting er det sjølv sagt at du ikkje gjer på skulen, men det kan vera naudsynt å minna om at det er forbode:

- å snakka ufint
- å ha med snop
- å bruka vald mot andre
- å kasta snøball mot anna enn godkjend blink
- å bruka mobilen utan lov

Tiltak som blir nytta dersom du bryt trivselsreglane:

- Tilsnakk og notat om hendinga.
- Ut av situasjonen
- Kontaktlærar gir melding til heimen
- Samtale med rektor
- Kontrakt
- Oppfølgingsmøter

Kvart tilfelle blir vurdert individuelt ut frå alder og føresetnad

Forventningsavklaring heim-skule

Ansvarer de heime har i høve til skulen, er:

- å sørge for at elevane har ete frukost og er utkvilde når dei kjem
- å senda elevane til skulen i avtalt tid og med sunn skulemat
- å sjå til at elevane har med bøker og utstyr dei treng
- å sørge for at elevane har eigna klede til uteaktivitetar
- å sørge for at elevane brukar hjelm om dei sykklar
- å sørge for at elevane har refleks når dei går/sykklar
- å sjå til at elevane gjer /leverer heimearbeid til rett tid
- å gi melding til skulen når elevane er borte/sjuka.
- å følgja med på vekeplanane og annan info som kjem heim.
- å gi skulen informasjon om viktige ting som kan ha innverknad på elevane sin skulekvardag (td.medisinering, allergi, endring i familietilhøve)
- å ha låg terskel for kontakt med skulen

Heimane kan forventa seg av skulen:

- at dei alltid vil elevane vel
- at dei tek tak i krenkande åtferd
- at dei vil leggja til rette for at elevane utviklar seg i tråd med føresetnadane sine
- at dei kjenner seg forplikta på læreplanane som gjeld til ei kvar tid
- at dei legg til rette for eit godt samarbeid med heimane
- at dei ser til at elevane et av nista si
- at dei informerer heimane ved langvarige endringar i personalsituasjonen
- at skulen har låg terskel for å ta kontakt med heimen

Trivselsførebygging i Imsland skule

(lokal tilpasning til den kommunale handlingsplanen mot krenkande åtferd)

Visjonen i Imsland skule er at trivsel gir næring til læring. §9a i opplæringslova slår fast at alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Me kan ikkje lova at krenkande åtferd aldri skjer her, men dei tilsette tek krenkande åtferd på alvor, og vil ta tak i dei sakene som måtte dukka opp!

Følgjande pkt seier noko om korleis me jobbar med det psykososiale miljøet:

1. Gjennomfører årleg, kommunal trivselsundersøking 3.-7.trinn med naudsynt etterarbeid (nærare undersøking og tiltak om resultata syner at det trengs)
2. Gjennomfører årleg, nasjonal trivselsundersøking 7.trinn med naudsynt etterarbeid (nærare undersøking og tiltak om resultata syner at det trengs)
3. Kontaktlæraren gjennomfører planlagde elevsamtalar minst 2 gonger årleg kor ein tar opp både sosiale og faglege tema
4. Kontaktlæraren har foreldrekonferansar minst 2 gonger årleg kor ein tar opp både sosiale og faglege tema
5. Kontaktlæraren har minst eit klasseforeldremøte kvart skuleår, det første tidleg på hausten
6. Klassemiljø er fast tema på kvart klasseforeldremøte.
7. Har synleg vakt, med refleksvest, i kvart friminutt og før/etter skuletid, slik at elevane veit kor dei kan henvenda seg om noko oppstår
8. Vaktene har klart definerte oppgåver/retningslinjer
9. Kontaktlærar informerer heimen viss barnet ditt blir plaga eller plagar andre.
10. Elevane får opplæring og påminning om/refleksjon rundt kva som er god åtfærd i fag som samf, naturfag og rle
11. Tema mobbing og krenkande åtfærd er inkludert i enkelte fag. Arbeidsmåtene varierer, td. samtale, rollespel, gruppearbeid, klassereglar, spesielle rutinar m.m.
12. Kontaktlærar går gjennom trivselsdokumenta med elevane kvar haust, tilpassa klassestega.
13. Har «Mitt val» og/eller «Steg for steg» på timeplanen enkelte skuleår. Dette er undervisningsmaterieell som trenar opp sosial kompetanse.
14. Følgjer kommunalt ordensreglement (ligg på kommunen si heimeside)
15. Har lokal tilpassing til det kommunale ordensreglementet (=trivselsreglane)
16. Følgjer kommunal handlingsplan mot krenkande åtfærd (ligg på kommunen si heimeside)
17. Har lokal tilpassing til den kommunale planen mot krenkande åtfærd (=trivselsførebygging)
18. Har elevane sitt psykososiale miljø som fast post kvar veke på personalmøtet i skulen
19. I periodar lar me dei eldste elevane ha ansvar for trivselsfremjande tiltak i friminutta, og iblant lar me eldre elevar ha fadderansvar for yngre elevar.
20. Tilsette samarbeider og driv trivselsfremjande tiltak i klassane kvart år; også på tvers av klassane. (Døme: Prosjekt, hemmeleg ven, positiv eksponering framføre medelevar/andre, ekskursjonar/turar, fellestimar som songkor, lavvotur ++...)
21. Oppfordrar foreldre til sosiale aktivitetar for elevane på fritida. Dette styrkar klassesamhaldet i skuletida og. Viktig då at at alle blir inviterte/inkluderte.
22. Det skal arbeidast aktivt for god kontakt heim – skule. (td. temakveldar/dagar, foreldrekonferansar, Fau-samarbeid, foreldremøter mm). Svært viktig å innarbeida låg terskel for kontakt begge vegar.
23. Skulehelsetenesta har samtalar med elevane. Både skulehelsetenesta og PPT kan vera aktuelle å invitera til å snakka om mobbing på foreldremøte. Barne- og familierettleiar kan og vera ein viktig samarbeidspartnar i førebyggjande tiltak i skulemiljøet.

24. Skulen deltek på tverrfagleg team som jobbar på meir generelt grunnlag for at alle barn i kommunen skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø
25. Kvar heim får dei lokale trivselsdokumenta heim til gjennomlesing og underskrift tidleg haust i 1. og 5. klasse
26. Skulen skriv vedtak (med klagefrist- og klagerett) om foreldre eller eleven sjølv ber om ekstra/anna tiltak knytt til det psykososiale miljøet rundt eleven enn det som blir gitt.
27. Viktig å signalisera til alle både i og utanfor skulen at om me skal få gjort noko med krenkande åtferd, er det avgjerande at me både veit kven og kva, og at kontaktlærar (evt rektor) blir informert slik at ein får sett inn tiltak.
28. Når krenkande åtferd blir oppdaga, vil ein alltid ha samtale med involverte partar for å få kunnskap nok til å setja i verk tiltak. Tiltak vil variera ut frå kva det gjeld, men kan vera: oppfølgingsmøter over tid, kontraktar mellom elevar, klasseforeldremøte, kontakt med andre instansar (ppt, skulehelsetenesta, barne- og fam. rettleiar, barnevern).

Retningslinjer for vakt på skulen i Imsland

- Vakta skal ha ei trivselsfremjande rolle
- Vakta vandrar på heile det inngjerda området der det oppheld seg elevar.
- Vakta har refleksvest
- Vakta følgjer friminutta.
- Vakt før skulestart har tilsyn ute frå 8.00.
- Vakt etter skuleslutt har tilsyn i 10 minutt etter at det har ringt heim
- Vaktbyte i matfri kl. 10.55.

- Den som har vakt:
 - Ser etter at alle har det bra
 - Ser etter at trivselsreglane blir etterlevde
 - Følgjer opp retningslinjer me har blitt samde om
 - Grip inn i ugreie situasjonar
 - Rapporterer vidare til kontaktlærar, evt rektor om episodar
 - Dokumenterer skriftleg i avtalte tilfelle når enkeltelevar har tettare oppfølgjing i periodar

- Alle elevane skal ut kvart friminutt. Unntak når lærarane har blitt samde om at dei får vera inne

- Timelæraren er ansvarleg for å få elevane ut. Unntak er at første vakt i matfri får alle ut innan 10.55